

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utvalg:** Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 11.06.2019  
**Møtets varighet:** 10:00 – 14:00  
**Sted:** Storhornet, adm.-bygget Ålesund  
**Saksnr.:** BU34/19 – BU43/19  
**Arkivsak:** 2019/3463

---

**Møteleiar:** Ingrid Løset

**Møtande medlemmer:**

Ann Helene Skare  
Atle Tangen  
Hilde Marie Kleiven  
Inger Nossen Sandvik  
Torill Bøe  
Anne Grete Mongstad  
Asbjørn Ringdal Gausdal  
Jakob Strand

**Fra administrasjonen møtte:**

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

**Andre:**

Nils Kvernmo – under orientering frå konst.adm.dir.  
Anne Lise Sagen Major, Jan Ole Bolsø (helsenett-tilkoblet) og Sigrun Berge Engen (helsenett-tilkoblet) – under presentasjonen om Helseplattformen

**Forfall:**

Ingen

**BU34/19 Godkjenning av innkalling og saksliste****Vedtak:**

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste og protokoll 04/19 blei underteikna.

**BU35/19 Orientering frå konst. adm. direktør Nils Kvernmo**

- Har reist rundt for å bli kjend med sjukehusmiljøa, møtt leiarar og tillitsvalte.
- Foreløpig overordna analyse over status i Helse Møre og Romsdal, er at man bruker for mykje av ramma på løn og for lite av ramma til vedlikehald av bygningar og investering av medisinskteknisk utstyr.
- Omstillingstiltaka som no blir foreslått, er forventta gjennomført 100%
- På styremøtet vil det bli gitt ein status i saka om rehabilitering.

**Vedtak:**

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande.

**BU36/19 Orienteringssaker**

Brukarutvalet fekk orientering om:

- Helseplattformen

**Vedtak:**

Brukarutvalet har fått ei god orientering om Helseplattformen og ser fram til å bli involvert i ei referansegruppe.

Brukarutvalet ønskjer å ha Helseplattformen som fast tema på møta sine framover.

Brukarutvalet er opptekne av at det vert ei avklaring på kven av fastlegane og kommunane som ønskjer å vere med i Helseplattformen.

**BU37/19 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR**

<b>Ingrid Løset</b>	- Styremøte, dialogmøte, styreseminar, forhandlingsutvalet, OSU, AU-møte for BU, planlegging for KEK, KEK, SNR brukarutval, KPU
<b>Ann Helene Skare</b>	- Styremøte, dialogmøte, styreseminar, forhandlingsutvalget, AU for BU, KEK, BU SNR
<b>Atle Tangen</b>	- BU SNR
<b>Hilde Marie</b>	- Planlegging for KEK, KEK, KPU
<b>Torill Bøe</b>	- Ingen
<b>Anne Grete Mogstad</b>	- Dialogmøte
<b>Inger Nossen Sandvik</b>	- Planleggingsmøte for KEK, KEK
<b>Jakob Strand</b>	- Traumeutval, sengepostprosjektet,
<b>Asbjørn R. Gausdal</b>	- AU for BU

**BU38/19 Referatsaker** (utan saksframlegg)

- Protokoll frå styremøte 15.05.2019
- Protokoll frå Overordna samhandlingsutval 22.05.2019
- Resolusjon frå HLF Trøndelag

Brukarutvalet tek referatsakene til vitande.

**BU39/19 Oppnemning av arbeidsgruppe for fagdag for brukarrepresentantar i Helse Møre og Romsdal**

**Vedtak:**

Brukarutvalet oppnemner følgjande medlemmer til arbeidsgruppa for fagdagen:

- Torill Bøe (ansvar for å kalle inn gruppa)
- Asbjørn R. Gausdal
- Atle Tangen

Skisse til program for dagen skal godkjennast av brukarutvalet på møtet 23. september.

Arbeidsgruppa foreslår tid og sted for brukarutvalet.

Sekretariatet for brukarutvalet bistår med bestilling av valt møterom og møtemat.

**BU40/19 Representant i klinikkar**

**Vedtak:**

For klinikk for akuttbehandling utnemner brukarutvalet Paula Næss Skår som brukarrepresentant. Vara er Inger Nossen Sandvik.

For klinikk for drift og eigedom utnemner brukarutvalet Hilde Marie Kleiven som brukarrepresentant. Vara er Ingrid Løset.

**BU41/19 Styresakene til 12.06.2019**

**Vedtak:**

Ad styresak 41/19 Orienteringssaker:

Brukarutvalet er glad for at det er etablert dialog mellom helseføretaket og kommunane knytt til rehabiliteringstilbodet i fylket.

Ad styresak 42/19 Forskingsmeldinga 2018

Brukarutvalet vil invitere leiar for FIUK i HMR HF til å kome på eit møte i brukarutvalet og informere.

Ad styresak 44/19 Statusrapporten:

Brukarutvalet tek statusrapporten til vitande.

Ad styresak 45/19 Kvalitet og pasienttryggleik del 2

Brukarutvalet er opptekne av kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet og er glad for at saka er kome

på styremøta og vert presentert og drøfta i styret på komande styreseminar.

Ad styresak 46/19 - Saka om fødeavdelinga og faktagrunnlag

Brukarutvalet er glad for at saka om samanslåing av fødeavdelingane er tenkt satt i ein samla plan for funksjonsdeling mellom Molde og Kristiansund sjukehus fram mot SNR.

Ad styresak 47/19 – Plan for kostnadsreduksjon

Brukarutvalet har fått signal frå adm. direktør om å bli involvert i dei konkrete endringsforslaga.

Brukarutvalet er oppteken av kva som vert konsekvensane knytt til pasientbehandling og pasienttryggleik når det er lagt opp til ein kostnadsreduksjon tilsvarande 130 årsverk.

Brukarutvalet er oppteken av at helseføretaket og kommunane får til eit godt samarbeid og ein god dialog som er aktiv og forpliktande. Samhandlinga må vere både mellom sjukehusa internt og mellom sjukehusa og kommunane.

Brukarutvalet er oppteken av at det vert gjennomført ei konsekvensanalyse og at avbøtande tiltak vert sett i verk.

Brukarutvalet håpar avdelingane finn gode løysingar som innovasjons- og forbetringsarbeid som gjer at ein får til ei besparing utan å måtte seie opp tilsette.

Brukarutvalet er uroa over at det ser ut til at saka ikkje skal ferdigbehandlast i styret før tiltaka vert iverksett.

**BU42/19      Eventuelt**

Ingen saker

**BU43/19      Godkjenning av møteprotokoll 11.06.2019**

**Vedtak:**

Brukarutvalet godkjenner protokoll 05/19 frå 11.06.2019.

Ålesund, 11.06.2019

---

Ingrid Løset

---

Ann Helene Skare

---

Inger Nossen Sandvik

---

Atle Tangen

---

Asbjørn R. Gausdal

---

Anne Grete Mogstad

---

---

Torill Bøe

---

Jakob Strand

---

Hilde Marie Kleiven

---